



SANDØYHAGEN UTLEIGEREGLAR

Vedteke i Sandøy kommunestyre sak 10/5, datert 03.03.2010

1) LEIGETAKAR

- Leigetakar må vere ein ansvarsfull person over 25 år. Vedkommande skal påsjå at utleigereglementet blir følgd.
- Alle arrangement krev ein brannansvarleg. Vedkommande har ansvar for å setje seg inn i branninstruksen og påsjå at instruksen blir følgd.
- Ved bruk av kjøkken skal det vere eigen kjøkkenansvarleg, sjå pkt. 4, *kjøkken*. (tilføydd 26.01.11).

2) AVTALE OM LEIGE

- Leigeavtale blir teikna ved Sørvistorget.
- Avtalen skal signerast seinast ved overlevering av nøklar.
- Ansvarleg, brannansvarleg og kjøkkenansvarleg (dersom anna person) skal førast på avtalen. (endra 26.01.11).

3) FORMÅLET MED LEIGA

Ulike lovverk vil gjere seg gjeldande alt etter kva formålet med leiga er:

- Ved dansearrangement gjeld "Alminnelige betingelser for offentlig dans i Sund lensmannsdistrikt".
- Alkoholservering er etter Lov om opplæring § 9-5 ikkje tillatt i kombinasjonbygg (grunnskule/anna aktivitet), men det kan gjevast dispensasjon frå regelen. Ved ønskje om alkoholservering: Ta snarleg kontakt med Sørvistorget for meir utfyllande informasjon.
- Ved alkoholservering forutset utleigar at lokale og sentrale lover og forskrifter blir følgd.
- Ved overnatting og/eller store arrangement gjeld særskilt § 3-5 i "Forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn"

4) BRUK AV LOKALA

GENERELT:

- Det skal utvisast normal aktsemd og oppførsel i og rundt lokala.
- Ved utleige blir skoforbodet oppheva, men ein ber om at det blir utvist aktsemd særleg for parkettgolva i gymsalen og allrommet.
- Det er totalforbod mot utesko og fotballsko i idrettssamanheng. Det skal nyttast hallsko med lys såle.
- Ved dansearrangement skal musikk vere avslutta seinast kl. 01.00 og festen vere avslutta seinast kl. 01.30.
- Det er totalt røykeforbod inne i lokala.
- Det er ikkje tillatt med bruk av røykmaskin, stjerneskot o.l.

GYMSAL:

- Bord og stolar finn ein i eige rom bakerst i salen. Desse skal stablast 10 i høgda og vere reine og tørre når ein set dei på plass.
- Teknisk utstyr skal kun brukast av kyndig personell.
- Det er tillatt med matsservering i gymsalen.

ALLROM:

- Amfiet skal ikkje køyrast inn utan særskilt løyve.
- Teknisk utstyr skal kun brukast av kyndig personell.
- Det er ikkje tillatt med mat og drikke i allrommet – unntak er drikkeflasker med stengetut.
- Anna utstyr og stablestolar skal ryddast på plass etter bruk. Stolane skal stå langs veggene ved utgangsdøra. 6 stolar i høgda og 6 høgder. Resten av stolane skal plasserast ute i gangen på oppmerka plass.

KJØKKEN: (endra 26.01.11)

- Leigetakar må ha eigen kjøkkenansvarleg som er til stades både når kjøkkenet blir tatt i bruk og når ein forlet lokala. Dette for å sikre at alt utstyr hamnar på rett plass etter bruk. I motsatt fall blir dette å rekne som mangelfull rydding, jfr. Pkt. 6.
- Det er utarbeidd egne rutinar for bruk av kjøkkenet som alle som benyttar kjøkkenet pliktar å følgje (sjå vedlegg "Rutinar for bruk av kjøkken"). Dette heng lett synleg i alle rom tilknytt kjøkkenet.

KANTINE/VESTIBYLE:

- Bord og stolar skal reingjerast etter bruk og plasserast i tråd med romplanen.

GARDEROBAR:

- Benkar skal stå langs veggane.
- Det er STRENGT FORBODE å bruke dusjane til reingjering av sko og klede.
- Ved idrettsarrangement utanfor bygget skal sko takast på/av i yttergangen mot nord (stadion).

UTEOMRÅDE:

- Uteområde skal vere ettersett, og evt. tomgods og anna søppel må fjernast. Dette gjeld særskilt inngangane til bygget. (tilføyd 18.03.10).

5) FØR EIN FORLET LOKALA

- Sjå til at heile lokalet er rydda og kosta (kjøkken vaska). Alt søppel skal tømmast og leggst i søppelkontainarane på utsida.
- Slokke lys og stenge vindauge.
- Låse alle dører – særskilt ytterdørene. Leigetakar er ansvarleg for evt. tjuveri eller innbrot som følgje av manglande låsing.
- Ved arrangement fredag og/eller laurdag skal lokala vere rydda og klargjort seinast kl. 12.00 påfølgjande dag. Ved arrangement søndag må lokala ryddast og klargjerast umiddelbart etter at arrangementet er avslutta.

6) OPPGJER

- Skadeverk og tap av utstyr må erstattast fullt ut av leigetakar.
- Mangelfull rydding/vasking blir belasta med eit gebyr på kr. 1000,-.
- Det blir kravd kr. 1.000,- i erstatning for tap av nøklar.